



Invitasjon vårsamling 2015 på Scandic Hell, Værnes

Program:

28. april

11:30	Lunsj
12:45 – 13:30	Plenum <ul style="list-style-type: none">- Informasjon- Tariffoppgjeret v/ NHO Mat og Drikke- Rapportering av kurs til Studieforbundet v/ Tove Berre
13:45 - 18:00	Kurs (18:30 for dei som skal på styrekurs modul 3)
20:00	Middag

29. april

09:00 - 11:30	Kurs
11:30 - 12:30	Lunsj/utsjekk
12:30 - 14:00	Kurs

Kurs:

Vi tek atterhald om nok påmeldingar til kvart einskilt kurs. 15 personer er minimum for å gjennomføra kurset.

Påmelding – frammøte:

Det vert berre lagt ut elektronisk påmeldingsskjema på heimesidene våre, [klikk her for påmelding](#).

Pass på at e-postadressene er korrekt. Ta gjerne ein ekstra sjekk. Det er viktig at de fullfører påmeldingsskjema for at påmeldinga vert registrert.

Fyll ut påmeldinga så snart som råd. **Hugs: Ei påmelding pr. deltakar.**

Ved fulle kurs kan det verta avgrensingar på deltakarar frå kvart lag.

Avmeldingsfristen er seinast 10 arbeidsdagar før samlinga. Dersom denne fristen ikkje vert halden, vil laget bli fakturert for NLT sine faktiske kostnader. Ved sjukdom etter denne fristen må sjukmelding sendast oss. Kontakt oss snarast ved andre uforutsette hendingar.

Praktiske opplysningar elles:

Hotellet heiter Scandic Hell, Værnes

Frammøte på hotellet seinast kl. 1130 (lunsj)28.4.

Absolutt siste frist for påmelding er fredag 10.april!!

NLT gjer merksam på at de vert fakturert for ein eigendel på kr. 2000,00 pr. deltakar. Dette inkluderer overnatting med fullpensjon og alle kurskostnader.

Reise ordnar og betaler de sjølv.

NLT tek atterhald om endringar.

Webtemp- Vi vil i år ha eit bemanna kontor under heile samlinga der ein kan få svar på ulike spørsmål samt hjelp med spesifikke ting angående Webtemp. Dette er både for brukarar av Webtemp og for dei som vurderer å ta dette i bruk. Webtemp-prosjektet fortset, og det vert straks sendt ut invitasjon om deltaking i år. Den første samlinga vert i forkant av vårsamlinga.

Advokatkontor- NHO Mat og Drikke stiller med erfarne arbeidsrettsadvokatar, og held ope advokatkontor for alle deltakara på samlinga 28. og 29. april. Advokatane vil sitte på eit møterom på hotellet, og advokatkontoret vil vera ope i alle pausar, inklusive lunsjpausen. Advokatane kan gje deg svar på spørsmål om tilsetting, oppseiing, arbeidsavtalar, ferie, sjukefråvæsoppfølging, samt dei aller fleste andre temaer som er relatert til forholdet arbeidsgjevar/arbeidstakar. Dersom tida strekk til vil du få svar på ditt spørsmål der og då. For dei sakene som er meir komplisert vil advokatane notera kva saka gjeld og fortsetja rådgjevinga pr e-post og telefon frå Oslo.

KLP vil vera med oss på heile samlinga, og vera tilgjengeleg for å svare på spørsmål / temaer de ynskjer å få svar på.

Kursprogram

Kurs 1 – Styrekurs modul 3 (kun for dei som har tatt modul 1 og 2)

Kurshaldar:
Steg for Steg

Innhald:

Styret sine roller og oppgåver.

- Styrearbeid i praksis
- Dei ulike rollene
- Forholdet mellom styret og dagleg leiar
- Styrets arbeid med strategi og utvikling
- Økonomiforståing
- Evaluering av programmet

Kurs 2 – Tilsetting og opphøyr av arbeidsforhold

Kurshaldarar:
NHO Mat og Drikke

Innhald:

- Lovgjevar set krav når arbeidsgjevar skal gå til tilsetting og oppseiing
- Kjenner du til reglane og kva du må gjera?
- Korleis fungerer det når gardbrukaren blir mellomledd?
- Viktigheten av å ha medarbeidersamtale

Kurs 3 – Lokale forhandlingar

Kurshaldarar:

NHO Mat og Drikke

Innhald:

- Sentrale og lokale forhandlingar
- Må ein forhandle lokalt?
- Kollektive og individuelle løysingar
- Kriterier og vurderingar
- Tips og råd til gjennomføring

Kurs 4 – Lønn og personal

Kurshaldarar:

Sticos v/ Ranveig Fjellheim Tunaal dag 1, Erik Engeland dag 2

Innhald:

Tysdag:

- Arbeidsgjevar sin styringsrett
- Arbeidstid
- Sjukefråvær
- Nyhende

Onsdag:

- A-ordninga
 - o Korleis har dei første månadane gått?
 - o Kva utfordring har ein møtt, og korleis kan vi løyse utfordringane
 - o Korleis korrigere eventuelle feil i a-meldinga
- Ferieloven
 - o Endringar i ferielova frå 1.juli 2014
- Reiseoppgjer
 - o Endringar i reiseregulativet frå 1. januar 2015

Kurs 5 – Praktisk rekneskap

Kurshaldar:

Infotjenester v/ Asle Lerang

Innhald:

- Bokføringsregelverk
- Omløpsmidler
- Mva
- Resultat og balanse
- Krav til bilag
- Frådrag for inngåande avgift- kort gjennomgang av hovudregler og viktigheten av mva.
- Korleis bilag skal samlast inn, sorterast, konterast og registrerast
- God internkontroll eigendel/inntekt og gjeld/kostnader

*Autorisasjonstimer: 4t finansrekneskap (2 av dei innan bokføringsregelverket)
3t skatterett / avgiftsrett*

Kurs 6 – Heimesidekurs (same kurs som tidlegare)

Kurshaldar:

Romar Skeie Olsen

Innhald:

- Innføring og opplæring i nytt system levert av Netsense
- Litt om sosiale medier (Facebook)
- Nye retningslinjer for heimesider